



Protokoll årsmøte 25. mars 2026

Valldal IL

Frammøte: 11 stk

Sak 1 Godkjenne stemmerett til dei frammøtte

For å ha stemmerett på årsmøtet må ein vere fylt 15 år i kalenderåret og vore medlem i idrettslaget minst ein måned. Alle til stades er godkjende.

Sak 2 Godkjenne innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste godkjend

Sak 3 Val av ordstyrar, sekretær og to medlemar som skriv under protokollen

Ordstyrar: Magne Eivind Glomnes

Skrivar: Oda Kristine Myklebust

Protokollunderskrivarar: Terje Hoel og Vibeke Valdal Myeza

Sak 4 Årsmelding 2025

Vedlegg 1

Leiar Magne Eivind la fram årsmeldinga frå hovudstyret.

Terje Hoel orienterte om årsmeldinga frå fotballgruppa.

Richard Moen orienterte om årsmeldinga frå disksport.

Anne Gry Vestre orienterte om årsmeldinga frå skigruppa.

Vibeke Valdal Myeza orienterte om årsmeldinga frå trimgruppa.

Vedtak: Årsmeldinga frå Valldal IL vert godkjend med endringar som kom fram på møtet.

Sak 5 Rekneskap 2025

Vedlegg 2

Kasserar Lars Petter Hauge la fram årsrekneskapet for årsmøtet. Leiar Magne Eivind la fram melding frå kontrollutvalet. Kontrollutvalet har ingen merknadar.

Vedtak: Rekneskapet 2025 vert godkjend.

Sak 6 Saker til behandling:

Innkomne saker frå skigruppa som gjeld anlegg på Grønningsæter/Høghjelle:

- Søknad om å bruke inntil kr 100.000, *av dei midla som allereie er avsett på anleggskontoen til dette prosjektet*, på konsulent for å få ein god nok dispensasjonssøknad for å få gjennomført prosjektet.

- Valldal IL bør søke Fjord kommune om kr 500.000,- (eller etter tilbod) om støtte til reguleringsplan for standplass og parkering, totalt 6 da. *Dette punktet blir aktuelt om dispensasjonssøknaden ikkje vert godkjend.*

Vedtak: Årsmøtet går inn for å bruke midlar frå anleggskontoen til prosjektet Grønningsæter/Høghjelle til dette formålet. Styret får fullmakt til å søke støtte om reguleringsplan, dersom dispensasjonssøknaden ikkje vert godkjent.

Sak 7 Medlemskontingent 2027

I samsvar med Lov for Valldal idrettslag skal årsmøtet kvart år fastsetje medlemskontingenten. Ikkje forslag om endring.

Vedtak:

Medlem under 18 år	kr. 250
Medlem 18-24 år	kr. 250
Medlem 25 år og eldre	kr. 450
Pensjonist	kr. 350
Familie	kr. 700
Støttemedlem	kr. 300

Årsmøtet gir gruppene fullmakt til å fastsetje treningsavgifter.

Sak 8 Budsjet for 2026

Vedlegg 4 Budsjet 2026

Vedtak: Budsjetet vert vedteke som det ligg føre.

Sak 9 Arbeidsplan for 2026

Vedlegg 5 Arbeidsplan for 2026

Vedtak:

Arbeidsplanen vert vedteke med kommentarar.

Innspelet om at det er viktig å styrke heimesida til Valldal IL som hovudinformasjonskanal, og at denne må vere oppdatert. Idrettslaget må hugse å melde inn aktivitet til Opplev Fjord. Det

er også opning for at idrettslaget kan bruke skulen til å sende ut samordna informasjon om aktivitet for barn og unge, to gongar i halvåret.

Kommentar om at det er litt mange punkt i arbeidsplanen, og nokre urealistiske. Styret må ta dette til vitande i komande årsmøteperiode.

Påminning om at alle grupper må ta ansvar for å halde det ryddig på klubbhuset og på stadion generelt. Også påminning om å melde inn oppdrag til ressursgruppa som gjer førefallande arbeid på og rundt stadion. Oppdraga kan meldast inn via styret.

Oppmoding om samarbeid mellom undergruppene til dømes på avslutningar og sosiale arrangement.

Sak 10 Laget si organisering

I samsvar med Lov for Valldal idrettslag skal årsmøtet behandle laget si organisering. Det er ingen forslag til endringar.

Vedtak:

Det vert ikkje endringar i Valldal idrettslag si organisering.

Sak 11 Val

Innstilling frå valnemnda

- a) Val av leiar for 1 år. Lars Petter Hauge 2026
- b) Val av 2 styremedlemar for 2 år og 1 styremedlem for 1 år
Erlend Ringstad 2026-2027 (attval)
Malene Vinsnesbakk 2026-2027 (attval)
Trym Jarvik 2026 (ny)
Oda Kristine Stadheim Myklebust 2025-2026
(ikkje på val)
- c) Val av 2 varamedlemar for 1 år. Børge Heggen Johansen, Liv Marit Indreeide (attval)
- d) Val av 1 medlem til kontrollutvalet for 2 år.
Trond Håvoll 2026-2027 (ny)
Per Magnus Berdal 2025-2026 (ikkje på val)
Val av 1 varamedlem til kontrollutvalet for 1 år.
Linda Gjerde Myren

Andre val:

- e) Val av 1 medlem til valnemnd for 3 år.
Odd Lennart Vikene og Reidun Hoel fortsett. Styret får fullmakt til å finne det tredje medlemmet til valnemnda.

- f) Val av 2 utsendingar til årsmøtet i Fjord idrettsråd. Vedtak: Leiar og nestleiar.
- g) Val av 1-2 medlemar til felles olsokkomité. Vedtak: Styret får fullmakt til å oppnevne.
- h) Val av gruppestyre. Gruppene har hatt eigne årsmøter og valt nye styremedlem. Årsmøtet godkjenner desse.

Diskspport:

Leiar	Richard Moen	2026-2027
Styremedlem	Tonje Jemtegård Moen	2026-2027 (ny)
Styremedlem	Henrik Andersen	2026-2027 (attval)
Styremedlem	Bjarte Grønningsæter	2025-2026 (ikkje på val)
Styremedlem	Linda Lødøen	2025-2026 (ikkje på val)

Fotball:

Leiar	Terje Hoel	2026 (attval)
Styremedlem	Nina Sjøblom	2026 (attval)
Styremedlem	Magnus Kaldhusdal	2026-2027 (ny)
Styremedlem	Lina Marie Myklebust	2026-2027 (ny)
Styremedlem	Caroline Bertha Almstad-Vatn	2025-2026 (ikkje på val)

Ski:

Leiar	Jan Ole Fuglem	2026 (attval)
Styremedlem	Torgeir Rusten	2026-2027 (ny)
Styremedlem	Ragnhild Hoel	2026-2027 (attval)
Nestleiar	Anne Gry Myklebust Vestre	2025-2026 (ikkje på val)
Kasserar	Geir Arne Myren	2025-2026 (ikkje på val)

- 1.varamedlem Anna-Mari Lehner (ny)
- 2.varamedlem Hans Martin Gjedrem (attval)

Friidrett – trim

Leiar	Vibeke Valdal Myeza	2026 (attval)
Nestleiar	Anniken Hjellbakk Hole	2025-2026 (ikkje på val)
Kasserar	Jürg Barthel	2026-2027 (attval)

1. varamedlem Ida Marie Kristoffersen-Rem (attval)
2. varamedlem Øyvør Grue Berdal (attval)
3. Varamedlem Vilde Andrea Høgelid (attval)

Terje Hoel
TERJE HOEL

Vibeke Valdal Myeza
VVM